

Meir til måling av kyrkja?

22.12.2012

Komunestyret har vedteke å gje det kyrkjelege fellestråd 300 000 kroner meir enn opphøveleg føreslege til kyrkjelege føremål neste år. Det skjedde etter forslag frå koalisjonen og uskedelingen Kjell Yri (V) hadde denne kommentaren, melder Grenda:

- Vi gler oss over ekstraløyvinga. Dermed vil vonleg både Kvinnherad og Uskedalen kyrkjer sjå fine ut til sommaren.

Thorleif J. Hellesøy (Frp) tykte at 300 000 eigentleg er lite og ba om fortgang i brannsikringa.

Arne Presthus (H) var heller ikkje imponert og sa at han kan bruka 300 000 på kyrkja i Ølve i morgon slik at ho ikkje dett ned.